



## Møtebok Hardanger og Voss Ungdomsråd (HVU) 15.4.2026 i Ulvik 1700-1900

### Møtte:

Eidfjord kommune  
Eidfjord kommune  
Kvam herad  
Kvam herad  
Ullensvang kommune  
Ullensvang kommune  
Ulvik herad  
Ulvik herad  
Voss herad

Ungdomsrådsleiar Torgeir Bu  
Ungdomsrådsnestleiar Simen Bergman  
Ungdomsrådsleiar Hallvard Valland  
Ungdomsrådsnestleiar Alexander Nitter  
Ungdomsrådsleiar Rannveig Oma Løyning  
Ungdomsrådsnestleiar Harald Solheim Eide  
Ungdomsrådsleiar Inga Hjeltnes  
Ungdomsrådsnestleiar Anna-Kristina Batta Solheim  
Ungdomsrådsnestleiar Hilda Jordalen-digitalt

### Ikkje tilstades:

Voss herad

Ungdomsrådsleiar Håkon Skjoldli-nestleiar

### Kontaktpersonar:

Voss herad  
Kvam herad  
Hardangerrådet iks

Eivind Djønne- digitalt  
Heidi Fanebust  
Trude Læg Reid Rinaldo

Møtet starta med pizza på ungdomsklubben Amason, og fortsette i heradstyresalen .

## HU-sak 10/26      Konstituering

### Vedtak:

**Simen Bergmann**, Eidfjord ungdomsråd er valgt til leiar av Hardanger og Voss ungdomsråd 2026  
**Torgeir Bu**, Eidfjord ungdomsråd er valgt til nestleiar Hardanger og Voss ungdomsråd 2026

## HU-sak 11/26      Refleksjonar frå Hardanger og Voss ungdomsting 23.3.2026

Alexander Nitter gjekk gjennom utsendt evalueringsskjema til deltakerne på ungdomstinget. Tilbakemeldingane var gode og dei fleste var godt nøgde ungdomstinget.

Dette er nokre tilbakemeldingar:

- Skrivebordøvinga var god
- God mat
- Kanskje litt "seigt" møte i lengden
- Litt lang reiseveg
- Ønskjer meir knask på borda
- Ønskjer at fleire var litt meir engasjerte i samtalan
- Ønskjer nye "Bli-kjent" leikar

### Kva var overraskande informasjon ein sat att med etter øvinga:

- Hadde ikkje tenkt at berre ein ting, som feks at berre straumen forsvann, fekk så store konsekvensar
- Ungdom er ein ressurs, også i beredskap

### Korleis kan ungdom vera ein ressurs:

Viktig at ungdom får oppgaver. Kan ein laga ein plan for kva ungdom kan gjere i beredskapsplanane  
Kva betyr det å vert høyre som eit ungdomsråd?  
F.eks overraska då eit av ungdomsråda hadde jobba lenge og så langt dei kunne med ei sak, og det fekk dei stor støtte for, men saka stoppa der.

**Oppgåve:**

Kan alle ungdomsråda ha ein diskusjon på kva ungdomstemmene har å seie for sin kommune?  
Kan ein gje politikarane råd om kva de ønskjer var annaleis, og gjerne ros til det som er bra.

**HU-sak 12/26      Nytt frå ungdomsråda**

**Kvam:**

Skal til Oslo og Utøya på demokratikurs i regi av [Det europeiske Wergelandsenteret](#). Kvam ungdomsråd er invitert, men eit slikt kurs kan alle ungdomsråda søkje om å delta på, og det er gratis.

Dei sender også 2 til Italia på ei demokratisamling i regi av Erasmus +.

**Eidfjord:**

Dei planlegg sin studietur med ungdomsrådet til Oslo.

**Ulvik:**

Har ikkje fått igjennom sine kampsaker, og arbeider vidare med ein plass å vere, der dei også kan spele musikk, samt kollektivtilbodet som er for dårleg.

**Ullensvang:**

Ei frivillig gruppe arbeider med å få til ein ungdomsklubb i Odda sentrum. Denne gruppa inviterte i ungdomsrådet for å få gode råd.

**Voss:**

Har delteke på ungdommens fylkesting (Det var det forøvrig mange av ungdomsråda som gjorde)  
Delteke i møte om lærlingestrategi, på lik linje med alle dei andre råda og utvala i heradet.

**HU-sak 13/26      Nytt frå Hardangerrådet**

Rein Hardangerfjord/[Framtidshavet](#): Kort informasjon. 2026 er siste av i alt 5 år.  
[Antidoping Norge](#) : Ungdomsrådet vil invitere dei til eit rådsmøte for å informera om sitt arbeid, og eventuelt finna samarbeidsprosjekt.

**HU-sak 14/26      Saker som kjem til**

Det vert nytt møte og sommaravslutning i HVU mandag 1.juni 2026 kl 1700 i Øystese, Kvam herad.  
Fyrst bowling, så pizza og prat på Øvreviken.

Ulvik 15.4.2026

Alexander Nitter  
Leiar Hardanger og Voss ungdomsråd

Trude Lægreid Rinaldo,  
Sekretær